

KVITSEID KOMMUNE

PLANPROGRAM

**SAMFUNNSDELEN
AV
KOMMUNEPLANEN**

2011 – 2021

Vedteke av kommunestyret i sak 8/11

1 Innleiing

Gjennom overordna planar legg ein dei lange linjer for kommunen sine vegval og prioriteringar. Samfunndelen til kommuneplanen er den planen som står øvst i kommunen sitt plan hierarki. Gjennom denne planen er ambisjonen er å konkretisere politiske visjonar, mål og strategiar for ei ønska utvikling av Kviteseid kommune, både som samfunnsutviklar, tenesteprodusent og utøvar av mynde. Hovudspørsmålet er korleis kommunen skal bidra til å skape eit best mogleg samfunn for innbyggjarane på lang sikt. I kommuneplanen vert det lagt føringar for kva som skal prioriterast i økonomiplan, budsjett, årsplanar for sektorane og andre planer for kommunen si verksemd.

Dette dokumentet, planprogrammet, tek m.a. opp kva for spørsmål og problemstillingar som er viktigast for kommunen si utvikling, og som derfor skal arbeidast vidare med i ny samfunnsdel av kommuneplanen. For å få eit godt sluttresultat er vi avhengig av at flest mogleg engasjerar seg, og kjem med innspel til tema det bør arbeidast vidare med.

Planprogrammet som er vedteke av kommunestyret viser opplegget for heile planprosessen; formålet med planarbeidet, organisering, fristar, opplegg for medverknad og framlegg til tema som skal bli drøfta i planen.

Under heile planarbeidet vil me freiste å leggje ut relevant informasjon på nettsidene til kommunen: www.kviteseid.kommune.no

Innspel og kommentarar til planarbeidet kan sendast til rådmannen hans.bakke@kviteseid.kommune.no eller til vårt postmottak post@kviteseid.kommune.no

2 Bakgrunn

Plan- og bygningslova gjev kommunen ei hovudrolle i arbeidet med å utvikle det einskilde lokalsamfunn. Lova slår fast at kommunestyret kvar periode skal vedta ein kommunal **planstrategi** som skal dra opp viktige strategival for den kommunale planlegginga. Med grunnlag i denne strategien skal kommunen utarbeidde ein kommuneplan som femnar både ein plan for arealbruken og ein samfunnsdel med eit handlingsprogram.

Kviteseid kommune har førebels ikkje utarbeidd ein kommunal planstrategi, men med bakgrunn i at **samfunnsdelen** av kommuneplanen for Kviteseid er frå 1995 medan **arealdelen** er frå 2006, vedtok kommunestyret i handlingsprogrammet for 2010 at arbeidet med utarbeiding av ny samfunnsdel skulle starte i dette året. Det tyder at det i denne omgang ikkje blir utarbeidd noko planstrategi, eller med andre ord at strategien er fyrst å lage ny samfunnsdel for deretter å utarbeidde ein planstrategi på grunnlag av den Dette planprogrammet gjeld dermed for samfunnsdelen av kommuneplanen. Denne planen bør av dei grunnar som er nemnd over også gje klare føringar for kva for planar som ein bør arbeidde vidare med.

Ny plan- og bygningslov krev at det i samband med kommuneplanlegginga blir utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet som vert vedteke av kommunestyret varslar oppstart av planarbeidet og viser opplegget for heile planprosessen

Planprogrammet skal:

1. Gjera greie for formålet med planarbeidet
2. Gjera greie for planprosessen med fristar og deltakarar
3. Vise opplegget for medverknad.
4. Vise kva for alternativ som vil bli vurdert - tema
5. Vise behovet for utgreiingar.

Planprogrammet skal også vise opplegg for organisering og framdrift av planprosessen. Forslag til planprogram skal leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med varsling av planoppstart. (§4-1).

3 Formål

Kommuneplanen er kommunens overordna politiske styringsdokument. Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring og ikkje vera meir omfattande enn naudsynt.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Han bør innehalde ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Den skal gi retningslinjer for korleis kommunens egne mål og strategiar skal gjennomføres i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlige organ og private.

Det langsiktige perspektivet skal byggje opp under ei berekraftig utvikling til beste for den einskilde innbyggjar, samfunnet og framtidige generasjonar. Utviklinga er berekraftig når ho imøtekjem dagens behov utan å øydelegge mogleighetene for at komande generasjonar skal få dekt sine behov. Krav om berekraft vert dermed gjeve ei sentral rolle i all kommunal planlegging.


Planlegging og vedtak skal gjerast på ein måte som er open, forutsigbar og som gjev høve til medverknad for alle som planen vedkjem. Langsiktige løysningar skal vektleggast og konsekvensar for miljø og samfunn skal utgreiast.

Planlegginga skal fremme heilskap ved at sektorar, oppgåver og interesser i området vert sett i samanheng. Dette kan ein få til gjennom samordning og samarbeid om oppgåveløysing mellom sektorstyresmakter og mellom statlege, regionale og kommunale organ, private organisasjonar og institusjonar og allmenta.

Prinsippet om universell utforming skal takast vare på i planlegginga og det same gjeld omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår samt estetisk utforming av omgjevnadene. Samfunnsdelen bør også skildre kommunens langsiktige arealstrategi som grunnlag for en revisjon av den juridisk bindande arealdelen.

4 Organisering av planarbeidet

Kommunestyret vedtok i handlingsprogrammet for 2010 at rådmannen skulle starte arbeidet med samfunndelen til kommuneplanen. Med bakgrunn i føringane frå plan- og bygningslova er dette dokumentet er fyrste del av arbeidet. Ut frå kommunen si organisering er det naturleg at formannskapet som og er planutval, får rolla som styringsgruppe. Det bør etablerast ei prosjektgruppe som står ansvarleg for praktisk organisering av planarbeidet. Arbeidet elles må ta utgangspunkt i føringane i lovverket og dette dokumentet.



Vedlagt følger ei nærare skildring av korleis ein tenker seg arbeidsgruppene organisert og samansett.

Framdriftsplan

Milepel 1	Milepel 2	Milepel 3	Milepel 4
Framlegg til planprogram	Planprogram	Planprogram	Oppstartsseminar
Utarbeidd	Høyringsutkast vedteke	Høyring gjennomført Planprogram vedteke	Seminar med prosessrettleiar
Rådmannen	Formannskapet	Kommunestyret	Kommunestyret
20.11.2010	01.12.2010	09.Feb.11	2. mars 11

Milepel 5	Milepel 6	Milepel 7	Milepel 8
Innspelseminar	Adm. planprosess	Sluttseminar	Adm. planprosess
Innspel frå andre om Kviteseid og framtida	Utarbeiding av utfordringsnotat	Drøfting av strategiar og tiltak	Adm. lagar planutkast
Kommunest./Innbyggjar	Rådmannen	Kommunest./Innbyggjar	Rådmannen
31.mars	April/mai	26.mai.11	20.aug.11

Milepel 9	Milepel 10	Milepel 11	Milepel 12
1. vedtak på plan	Offentleg ettersyn	2. vedtak plan	Endeleg planvedtak
Plan til off. ettersyn			
Formannskapet	Alle	Formannskapet	Kommunestyret
31.08.11	September	16.11.2011	15.12.2011

Medverknad

Med dei utfordringane Kviteseid står overfor er det viktig at me får til ein brei medverknad frå innbyggjarane. Dette gjev planen god forankring og målet må vera å få fram eigarskap til planen blant innbyggjarane. Planprosessen kjem parallelt med lokalvalet og slik sett kan prosessen nyttast som verktøy i valkampen.

Målgruppene for ein slik medverknadsprosess er mange: Innbyggjarane generelt, folkevalde, tilsette, andre offentlege etatar, frivillige organisasjonar, næringsliv, barn og unge samt andre særleg aktuelle grupper.

5 Framtida for Kviteseid – ei strategisk tilnærming

5.1 Overordna mål og planprosessar

Plan og bygningsloven har fokus på nokre kritiske områder som bør inngå som analysetema i planarbeidet:

- Fremme innbyggjarane si helse, motvirke sosiale skilnader, samt bidra til å førebyggje kriminalitet.
- Legge til rette for god utforming av bygningar, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår
- Legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling
- Sikre matjordressursane og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø
- Ta klimaomsyn gjennom framtidsretta løysningar for energiforsyning og transport
- Fremme samfunnssikkerheit ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

En overordna ambisjon er å sikre en bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Kva som blir dei prioriterte tema med tilhøyrande hovudutfordringar, vil planprosessen avdekke og handsame.

Nedanfor vises det til nokre pågåande regionale og kommunale plan- og utviklingsprosessar som er viktige for arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen.

5.2 Regionale planar- og utviklingsprosessar

Telemark fylkeskommune

Ut frå plan- og bygningslova er fylkeskommunen regional planstyresmakt og ansvarleg for utarbeiding av regional planstrategi og regionale planar. Den regionale planstrategien overtar for tidlegare fylkesplan.

Planstrategien gjer greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurderer langsiktige utviklings moglegheitar og tar stilling til kva for spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging.

Den regionale planstrategien er offentlig sektor sitt samla regionale plangrep for å legge til rette for en ønsket samfunnsutvikling.

Den strategiske overbygningen for samfunnsutviklinga er samanfatta i `Berekraftig utvikling` som ein kan oppnå dersom ein greier å utvikle:

- Berekraftig miljø
- Berekraftig økonomi
- Berekraftige sosiale forhold

- **Vi fremmar berekraftige sosiale forhold gjennom å;** skape stader prega av toleranse, tryggleik og tilgjenge for alle; sikre tilgang til trygg mat, godt vann, gode bustader og rein energi; verne om innbyggjarane si helse; sikre at mangfaldet av menneske får delta i demokratiske prosesser; sikre tilgang til kulturopplevingar, kunnskap og utdanning.

- **Vi fremmar berekraftig økonomi gjennom å;** sikre tilgang til tilfredsstillande og lønna arbeid for alle arbeidstakarar; bidra til at næringsliv og offentlig sektor tåler konjunktursvingingar og kriser; sikre god og framtidretta infrastruktur; verdsette frivillig arbeid; redusere fattigdom og sosial eksklusjon.

- **Vi fremmar et berekraftig miljø gjennom å;** bruke energi, naturressursar og areal på ein effektiv måte; avgrense og handtere avfall og ureining; verdsette og verne om mangfaldet i natur- og kulturarven som ein ressurs for framtida.

5.3 Vest-Telemark

Visjon: Vest-Telemark - ein levande region

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrenser skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark

Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

5.4 Lokale utfordringar for Kviteseid kommune

Eit grunnleggjande føresetnad for at Kviteseid kommune skal ha ei livskraftig framtid er at folk ynskjer å bu innafør kommunen sine grenser og at dei der få dekt sine basisbehov. Arbeid, bustad, gode velferdstenestar og høve til fylle fritida med meiningsfylte aktivitetar er sentrale moment i denne samanhengen.


Den største utfordringa for Kviteseid både som kommune og som lokalsamfunn, er at folketalet sviktar. Særleg urovekkjande er det at talet på barn går kraftig nedover. Kviteseid er ikkje åleine om denne utfordringa. Det gjeld nesten heile Vest-Telemark, og mange andre kommunar i landet. Det finnes ikkje eitt enkelt svar på korleis ein skal kunne snu denne trenden. Truleg er svaret ulikt frå stad til stad og frå kommune til kommune. Kviteseid må finne sin strategi for å møte denne utviklinga. Det vil krevje samla innsats både frå innbyggjarar, politikarar og administrasjon for å snu denne trenden!

Dette planprogrammet skal skissere kva for tema som er viktig å arbeidde med for å møte dei utfordringane kommunen som heilskap står overfor i åra framover. Det tyder at me må stille oss følgjande spørsmål:

- Kven er me i Kviteseid? / Kva karakteriserar oss?
- Korleis blir det i framtida om me ikkje gjer noko endring?
- Kva er hovudutfordringane?
- Kvar vil me? / Kva er dei langsiktige måla?
- Kva må til av innsats frå kommunen og samarbeidspartnarane for å nå dit?

Folketalsutvikling – ein grunnleggjande premiss

Det viktigaste måлтаlet for å drive kommunal planlegging og dimensjonere den kommunale teneste produksjonen er utviklinga i folketalet. Tabellen nedanfor viser korleis folketalet har utvikla seg i Kviteseid dei siste 10 åra. Som det går fram av tabellen har folketalet hatt ein jamn reduksjon gjennom heile denne perioden. 2010 har ikkje gjeve noko endring i denne utviklinga med ein reduksjon 29 fyrste ni månadane.



Figur: Folketalsutvikling siste 20 år

Gruppe	0-5 år	6-15 år	16-66 år	67-79 år	80-89 år	>90 år	Sum
	-9	-10	-12	5	-1	3	-24

Tabell 1: Endring i alderssamsetninga i kommunen 2009

Meir interessant er det å sjå på kva for aldersgrupper som endrar seg. Tabellen over viser at det er særleg ungdommen som sviktar. Grappa 0 – 15 år har ein nedgang på 19. Alle desse barn som normalt ville ha trong for eit tilbod frå våre skular eller barnehagar. Held denne utviklinga fram på denne måten vil det kunne ha verknader for strukturen på desse tilboda. Ser me i andre enden av skalaen har me fått fleire i aldersgruppa over 67 år. Dette er også ei gruppe der mange har trong for ressurskrevjande kommunale tenester. Samla sett forsterkar dette den skeive alderssamansetjinga vår som er vist i tabellen nedanfor. Vi har relativt sett fleire eldre og færre barn samanlikna med resten av Noreg. Det gjer vårt mål om auka innbyggjaratal endå meir krevjande, men også endå meir viktig for å kunne oppretthalde eit godt kommunalt tenestetilbod.

	Faktisk Kviteseid	Del av total i Kviteseid	Om Kviteseid som landet	Del av total i landet
Innb. 0-5 år	127	5,0 %	189	7,5 %
Innb. 6-15 år	296	11,7 %	321	12,7 %
Innb. 16-66 år	1 634	64,8 %	1 688	66,9 %
Innb. 67-79 år	290	11,5 %	210	8,3 %
Innb. 80-89 år	141	5,6 %	96	3,8 %
Innb. o/90 år	34	1,3 %	19	0,7 %
Totalt	2 522	100,0 %	2 522	100,0 %

Tabell 2: Fordeling av folketal på ulike aldersgrupper i Kviteseid og resten av landet

Samfunnsutvikling – næringsutvikling og busetjingspolitikk

Eit viktig inngang i dette arbeidet er å sjå nærare på flyttestraumen. Kvifor flytter folk, kven flytter og kva skal til for å motverke flytting. To viktige premisser som må vera på plass for at folk skal bu i Kviteseid er arbeid og bustad. Arbeidsplassen treng for så vidt ikkje vera innafor kommunen sine grenser, men på ei anna side treng me ein viss basis av eigne arbeidsplassar for at me skal kunne vera eit livskraftig lokalsamfunn. Sentralt her blir å utvikle eit godt samspel mellom næringslivet og kommunen og andre aktørar innan næringsliv her i regionen.

Eit variert og lønsamt næringsliv er viktig for ein kvar kommune. For tida går det føre seg eit arbeid med å revidere strategisk næringsplan for Vest-Telemark. I skrivande stund er og dimensjonen på det regionale næringsapparatet noko uviss. Planprosessen må derfor vurdere kva for utfordringar som vi skal ta fatt i lokalt og kva det er naturleg å samarbeide med andre om. Eit anna sentral emne er korleis ein skal prioritere bruken av næringsfondet. I dag nyttast mykje av midlane til tunge kommunale investeringar i stadutvikling samt til ei rad mindre tilskot til lokale bedrifter.

Ein naturleg inngang i dette arbeidet er sjå på kva rolle og ansvar kommunen skal ta og kva som næringslivet sjølv skal ta ansvar for.

Tiltak for å rekruttere nye innbyggjarar er eit naturleg også for dette utgreiingsområdet. Eit alternativ for å stabilisere folketalet som mange har nytta seg av er å bli meir aktiv for å få folk til å flytte til kommunen. Med vår skeive alderssamansetning er dette eit svært aktuelt tiltak som må drøftast nærare. Samarbeid med det bygdelivsmeklarer i Vest-Telemark er svært aktuelt. Aktuelle tiltak å sjå nærare på kan vera?

- Legge til rette for tilflytting frå utlandet
- Ta imot flyktningar
- Lokal bygdelivsmeklar

Tema bustadbygging bør og få ein sentral plass i dette arbeidet. Interesse for nygging er i dag laber. Treng me fleire attraktive tomter, ferdige bustader eller anna tilrettelegging så bør det lyftast fram gjennom dette arbeidet.

Tenester til innbyggjarane

Kviteseid kommune har utvikla eit omfattande tenestetilbod med god kvalitet og effektiv drift. Redusert folketal og endra aldersstruktur vil krevje endringar i kommunen sitt tenestetilbod samstundes som det vil påverke det økonomiske handlingsromet. Arbeidet med økonomiplanen for neste fireårsperiode illustrerar dette sterkt. Reduserte overføringar frå staten kombinert med stadig nye krav om auka kvalitet på tenestene reduserar dette handlingsrommet samstundes som me ser at det stadig er nye behov både innan drift og investering. Det er vanskeleg å sjå for seg nye store inntektskjelder for kommunen så i hovudsak må dette gjerast gjennom meir effektiv drift. Det kan gjerast gjennom strukturendring internt i kommunen eller gjennom interkommunalt samarbeid. Kommunen har gjort mykje på dette ved at mange av tenestene er samla i sentrum og ved eit omfattande interkommunalt samarbeid,. Skal me få ytterlegare handlingsrom til å gjera

naudsynte investeringar i kommunale bygg og infrastruktur synest det vanskeleg å få til utan å sjå på strukturelle endringar.

Helse og velferd

Pleie og omsorgsområdet har gjennom dei siste åra hatt ein vekst. Med eit aukande tal på eldre vil presset på desse tenestene truleg auke i åra framover. Samhandlingsreforma har høge forventningar til auka kommunal innsats for å førebyggje helseplager og hindre innleggingar på sjukehus. Det vil blant anna bety auka legeinnsats i primærhelsetenesta. I det heile vil kommunen sitt ansvar for helsetenestene auke. Det vil stille oss overfor store utfordringar, både når det gjeld økonomi og kompetanse.

Folketalsutviklinga stiller og helsetenestene overfor utfordringar. Fleire eldre og færre yngre vil medføre at det vi blir færre til å gjennomføre og finansiere den eldreomsorga som me treng i framtida. Rekruttering av fagfolk blir dermed også eit sentralt punkt å drøfte.

Kviteseid har mange funksjonshemma. Kostnadane til å drive desse tenestene har auka monaleg dei siste åra. Ei drøfting av kva som er behova framover blir eit viktig tema vidare.

Den nye samhandlingsreforma som skal endre våre helsetenester frå 2012 fokuserar også på førebyggjande helsearbeid som eit element i å vri ressursinnsatsen i helsesektoren frå å reparere helseskader til å førebyggje slike skader. Dette perspektivet må vurderast når ein ser på kommunehelsetenesta i eit langsiktig perspektiv. Kanskje bør nokon av kommunen sine ressursar flyttast over frå behandling til førebygging?

Skule- og barnehage

Gode oppvekstvilkår for barn –og unge er eit kjerneområdet for den kommunale verksemda. Eit godt barnehagetilbod og ein god skule er også viktig for å gjera kommunen attraktiv som ein god plass å bu. Den demografiske utviklinga gjev oss særskilte utfordringar på dette området. Kwart år mistar me statlege overføringar som følgje av redusert barnetal. Dette utfordra oss på å drive meir effektivt og det er krevjande utan å gjera ytterlagere endringar i skulestrukturen. Fokuset på kvalitet i skulen er også aukande, både frå staten og frå innbyggjarane.

Auka spesialundervisning kontra tilpassa opplæring er eit tema sett i ljøs av stadig auka ressursbehov som er kome fram både frå skulen og frå PPT.

På denne bakgrunn er det nødvendig at skulstruktur blir eit drøftingstema i under dette hovudtemaet. Det er og viktig å inkludere innbyggjarane i ei drøfting om kva som skal til for å få ein god skule for alle og korleis skulen kan bidra til styrka busetjing i kommunen.

På same måte som for skulen må og barnehagetilbodet møte dei endringar som lokalsamfunnet står overfor. Eventuelle strukturendringar i skulen vil få konsekvensar for barnehagedrifta. Det må drøftast i denne samanheng. Innhald og kvalitet i barnehagen er og ein naturleg del av drøftinga om kvalitet i skulen.

Kultur og fritid

Eit godt kulturtilbod blir drege fram som eit viktig element for å gjera ein kommune attraktiv for eigne og nye innbyggjarar. Derfor er framtidig satsing på dette området eit viktig tema for planprosessen. Kviteseid kommune har bruka mykje midlar på å byggje ut idrettsanlegg. Kunstgrasbane og fleirbrukshall med lokale også for kulturskulen inneber ei formidabel satsing for ein liten kommune som Kviteseid. Utover dette har den kommunale strategien vore å bruke lite midlar til at kommunen tilrettelegg for aktivitetar. Ein har satsa på å gi relativt mykje pengar som direkte til støtte lokale lag og foreningar. Det blir derfor viktig å drøfte kva for strategi ein skal for utvikling av det lokale kulturtilbodet. Aktuelle tema er derfor:

- Bruk av kulturmidlar; større kommunal tilrettelegging eller framleis satsing på å stimulere lokale lag med økonomisk støtte?
- Kommunen sitt engasjement i lokale grendehus – Sundvang si rolle
- Kommunen sitt engasjement i dei lokale musea samt kulturminneforvaltning generelt
- Idrettsanlegg
- Sosiale møteplassar
- Folkehelsearbeid

Matproduksjon, miljø og arealbruk

Sjølve arealdelen til kommuneplanen er ikkje planlagt å rullert i dette arbeidet. Derimot vil dei vegval som blir gjort i dette planarbeidet vera ein viktig premis for rulleringa av arealplanen. Det er likevel aktuelt å sjå på nokre viktige område innan miljø og arealbruk innafor dette planarbeidet.

Kviteseid har store området med verdfull natur med eit rikt biologisk mangfald. Dette må takast vare å samstundes som det må nyttast som grunnlag for rekreasjon og næringsutvikling.

Landbruk er framleis ei viktig næring for kommunen, både som matprodusent og som bidragsytar til busetting og opplevingsverdiar for vår turistnæring. Næring står framfor store utfordringar med svekka lønsemd og sviktande rekruttering. Korleis kommunen skal møte desse utfordringane er krevjande tema som bør drøftast i planprosessen. Tett opp til dette høyrer og tema som forvaltning av viktige kulturlandskap.

Ei viktig element i busetjingspolitikken er forvaltning av regelverket for buplikt. Korleis kan me utnytte desse endringane i arbeidet med å snu folketalsutviklinga? Kommunen har i dag 0-konsesjonsgrense slik at det er buplikt på alle bustadeigedomar. Bør dette halde fram i heile kommunen sjølv når det kommunale tilbodet endrar seg? Det er eit viktig spørsmål å drøfte her.

Kviteseid kommune har fleire store vassdrag som blir nytta både til rekreasjon og som grunnlag for næring. Det nye vassdirektivet legg opp til eit meir omfattande forvaltningsregime. Kva for utfordringar dette vil gje bør drøftast i planprosessen.

Kommunen har nyleg vedteke ein klima- og energiplan. Den er såpass ny at ein truleg bare kan innarbeidde deler av denne i kommuneplanen.

Samfunnstryggleik

Ny lov pålegg kommunen ei tydelegare beredskapsplikt med krav til å utarbeide sektorovergrepande risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanar, med en forventning om eit sterkare engasjement for førebygging i kommunal planlegging.

Behovet for risikostyring er aukande som følgje av forventa endringar i klimatiske tilhøve, utvikling av eit samfunn som er meir avhengig av teknologi, strukturendringar i samfunnet og endra bileta av ulike nasjonale og internasjonal trugsmål.

Arbeidet med ei overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunen er starta opp og vil truleg kunne innarbeidast i planen.

5.5 Tema i planen oppsummert.

På bakgrunn av det som er skissert over blir det gjort framlegg om at planarbeidet blir konsentrert om følgjande hovudtema:

1. Folketalsutvikling ligg som ein førande premiss for alle temai planarbeidet
2. Samfunnsutvikling – utvikling av kommunesenteret, næringsutvikling og busetjingspolitikk
3. Tenester til innbyggjarane
 - a. Helse og omsorg
 - b. Skule- og barnehage
 - c. Andre tenester
4. Kultur og fritid
5. Matproduksjon, miljø og arealbruk
6. Samfunnstryggleik

Alle desse tema heng saman med kvarandre og innspel til planprogrammet kan medføre til endringar. Det er likevel viktig å leggje til at alt skal innarbeidast i ein heilskapeleg plan til slutt

5.6 Vedlegg: Nærare skildring av organiseringa av prosessen

Framlegg til organisering av planprosessen

Samfunnsplanen til kommuneplanen er den overordna politiske styringsreiskapen for kommunen. Planen bør derfor fyrst og fremst utarbeidast som eit produkt av dei visjonar og mål som kommunestyret har for utviklinga av Kviteseid dei næraste 10-åra. På denne bakgrunnen gjer rådmannen framlegg om at kommunestyret skal ei sentral rolle i den prosessen som skal danne grunnlag for innhaldet i planen. Sentralt i planarbeidet er 2 prosessmøter slik skissert tidlegare i planprogrammet.

Møte 1: Open visjonsprosess i kommunestyret

Open prosess i grupper med profesjonell prosessveileder – korleis ser Kviteseid ut om 10 år?

- Presentasjon og drøfting i plenum
- Presentasjon av viktige utfordringar innanfor dei valde tema i planprogrammet

På dette grunnlag utformar administrasjonen eit og strateginotat som konkretiserer dei ulike visjonar og mål som kommunestyret drog opp i møtet . Dette inneber at ein peikar på ulike vegval som ein må ta for å nå desse måla samt utfordringar som ein vil stå overfor for å nå desse måla.

Møte 2: Eksterne innspel

Det blir invitert eit utval personar utanfrå kommunen som kan gje innspel om erfaringar dei har gjort med liknande arbeid eller spesialistar som kan formidle kunnskap om aktuelle tema for planarbeidet. Dette kan då nyttast som kunnskapsgrunnlag for vidare planprosess. Det bør vurderast i løpet av møte 1 om det skal innviterast innbyggjarar til dette møtet også.

Møte 3: Kommunestyret møter representantar for innbyggjarane

Til dette møtet inviterast både kommunestyret og eit utval av innbyggjarar som kan målbera ulike syn på framtida og som kan representere ulike type interesser som er aktuelle i planen. Dvs. representantar frå næringsliv, kulturliv, lag og foreningar, bygdelag m.v. Det kan og vera aktuelt å invitere eksterne spesialistar som kan gje meir kunnskap om framtidig utvikling innafor einskilde tema.

Alle får utsendt strateginotat på førehand og det blir gjennomført ein ny prosess med drøfting av strateginotatet. Her blir det høve for kommunestyret å diskutere strategiane med dei inviterte innbyggjarane. Målet er å bli samde om felles mål og strategiar.

På grunnlag av det som kjem fram i møtet formuler administrasjonen eit utkast til plan. Dersom prosessen ikkje gav grunnlag for semje må planen innehalde alternative mål og strategiar.

Plandokumentet vert så lagt fram for politisk handsaming der ein vel ulike mål og strategiar. På dette grunnlag vert planen lagt ut til offentleg ettersyn. Plandokumentet kan dermed nyttast som diskusjonsgrunnlag under valkampen.